


Sykle og gå langs Lærdalsfjorden.

Sykle:



Start: Frå Ferieparken. Sving til høgre ut på E16. Ta til høgre i rundkøyringa og følg gang-/sykkelveg utover forbi Fjordhotellet og ferjekaien (til Gudvangen). Til Erdal er det 3,2 km. Frå Erdal går fjellvegen over Aurlandsfjellet til Aurland. Veggen langs fjorden går utover til Vindedal (6,4 km). Her er det bom for veggen ut til Revsnes (5,4 km), det gamle ferjeleiet over til Kaupanger. Til stien opp til Hausen er det 3,1 km frå Vindedalen.

Gå til Hausen



Start: vest for brua, ved opplysningstavla om Verdarvyparken.

Høgdeskilnad: 5 - 250 moh.

Lengde: 500m

Tid: 30 - 60 min opp.


Denne husmannsplassen låg ikkje under Vindedal, men i "Lærdals almenning" mellom Vindedal og Revsnes, også kalla "Lærdals vestre almenning". Namnet skal – etter det namneforskar Oluf Rygh meiner – ha med "haus" (hovudskalle) å gjera. "Hals" tyder vel nærast "trong fore" i landskapet (innsnevring).

I 1813 var det ein "besiktigelsesforretning" over beskaffenhed av den i Lærdals almenning beliggende saakalte Hausehals med Refnshaugen som Hans Monsson Ramsø ønskede at kjøbe til beboelse og benyttelse. Hausehalsen laa paa toppen av fjeldet, hvor det var nogen små jordpletter. Ingen av Lærdals almue havde bubeite eller anden brug oppe på fjeldet. Beboerne av Hausehalsen kunde oppdyrke en fjeldstøl længere borte i fjeldet og bekvemmest i Drastegjeld". Hans Monsson Ramsøy fekk dermed løyve til å rydde plassen.

Vegen er bratt frå sjøen og opp til plassen. Det går ei herme om ein av plassbrukarane der ute at han ein dag seint i kveldingi var på veg frå sjøen og heim. På ryggen bar han ein mjølsekk på hundre kilo, og med seg hadde han og ein gutunge som sutra og ikkje ville gå meir. Då tok mannen og sette gutungen oppå mjølsekken sin. Dermed så hadde han vel ei bør på godt og vel 120 kilo oppover dei bratte og ulendte bakkane mot "Hausehalsen".

I 1863 var plassen delt på fleire i "storfamilien". Tilsaman hadde dei 13 storfe og 1 gris, og sådde 1 tønne bygg og 5 tønner poteter. Hest laut nok mannen vera sjøl.

Då husmannstidi gjekk mot slutten, flytte den siste plassbrukarfamilien frå Hausehalsen. Sidan budde der nokre familiar som ikkje dreiv plassen Det var folk som var tilsette som skogforvaltarar eller skogoppsynsmenn i almenningen. Etter ca. 1910 var det ingen lenger som budde fast på Hausehalsen.



Lærdal Sport og Rekreasjon

Tlf. 995 05 111 | www.laerdalsport.com

Copy right: Åge Årdal, tlf. 95143872